

Referat foreldremøte 1. september 1.KLASSE

1. Lesing, viktigheten av lesing.

- Foreldre som gode forbilde, lese om kvelden.
- Leselekse, å gå i frå heilheten og ned til del.

2. Heve kompetanse i norsk og matematikk.

Norsk:

- Arbeide med rim og regler og språket si forside.
- Gje barna språkleg medvit (bevissthet) gjennom rim og regler = evne til å kunna handtera talespråket frigjort frå språket sin kommunikative funksjon.
- Kvifor er dette viktig? Har borna høg kompetanse til å rima og leika med språket, viser det seg at det er lettare for dei å nytta dei bokstavane dei har lært til lesing og skrivning.
- Læra to lydar/bokstavar i veka.
- Foreldre/føresette er dei viktigaste støttespelarane me har når me skal læra borna å lesa og skriva. Holdninga de har til lese- og skriveopplæringa vil smitta over på barnet.
- TIPS:
 - Les leksene saman med dei, leit etter bokstavar dei har lært eller kan.
 - Finn ord som begynner på, sluttar på eller som er inni lyden/lydane de har.
 - Lag tøysevers med rim, bokstavbøker med rim.
 - Lær dei ellingar/rim som de kan 😊

Sporing av bokstavar på ryggen.

- Skriva handleliste.
- Les, leita etter og finna bokstavar på matvarer ved frukost- eller kveldsbordet.
- Les skilt når de er ute og køyrer...
- Les høgt for dei, dette er fint som avslutning for dagen.

Matematikk:

- Omgrep
- Kort, lang, høg, lav, rund, mindre, mest, flest, mange, fleire....
- Sortering.
- Kunna telja ein tile in.
- Former og mønster.
- Tala 1-20.
- Pluss og minus.
- Tal og talsymbol.
- Tiarsystem.
- Tiarvener.
- Korleis kan ein hjelpa eleven med matematikkfaget i 1. klasse?
 - Spela spel, terningspel (ludo, stigespelet, den forsvunne diamanten, yatzy...)
 - Lag reknestykke – underhaldning i bilen.
 - Lær dei om pengar, kronestykkar, 10-ar, 20-kronar, 100-lapp.

4. Elevsamtaler.

Jodis har ein time i veka som skal brukast til samtale med elevane. Her skal ein for eksempel samtale med dei om korleis dei har det på skulen.

5. Zippys venner.

- Læra borna: - å identifisera og snakka om kjensler.
- å meistra utfordringar og problem i kvardagen.
- å støtta andre som har det vanskeleg.

6. Foreldresamtaler –

- Veke 44/45. Nærmare informasjon kjem.
- To gongar i året, haust og vår.
- Saman med born og foreldre.

7. Vurdering.

- Eigenvurdering
- Går gjennom på skulen i byrjinga og slutten av veka.
- Står på vekeplanen.

8. Matpakke.

Det er ein fryd å sjå at borna har gode og sunne matpakkar 😊 Enkle er ofte det beste.

9. Meldemappe.

- Bruk meldeboka.
- Kan få lov å senda melding på Jodis sin private mobil om barnet er sjukt om morgonen, Jodis 95740906.
- Andre viktige meldingar, for eksempel endringa av henting – må de ringe inn til kontoret.

10. Klassekontaktar og vara

- Sosiale aktivitetar.
- 17. Mai feiring.
- Klassekontaktar: Irene Myrtveit Lunde (mor til Mari) og Jannicke Helland (mor til Marthe).
- Vara: May Britt Tjore Hermansen (mor til Sebastian) og Lene Lunde Tangen (mor til Noah).

11. Elevene sitt skulemiljø (Rektor Inger Ellingsen informerer). Kapittel 9a i opplæringslova.

- Korleis elevene og personalet har det på skolen.
- Alle har rett til et godt psykososialt miljø.
- Kommunen har sin del av ansvaret. Skolen skal hele tida arbeide med dette.

12. Innesko til gymtimen, ikkje crocks eller sokkar.

13. Symjing.

- Hugs kva veke barnet har symjing.
- Ha med et handkle de kan kjenne igjen.
- I byrjinga kan elevene gjerne ha med seg armringar.

- Elevane har fått med seg eit kort heim i meldemappa. Alle fyrsteklassingar saman med ein vaksen får gratis bading i radøyhallen.

14. Uteskule

- Skor og klede etter vêret.
- Lurt med ein sekk dei kan ha mat og drikka i.

15. Byteklede

- Viktig at dei har tørre klede i korga, sjekk når de hentar eller leverar.
- Om borna kjem heim med våte klede, send med dei tilsvarande tørre plagg dagen etter.

Referent Charlotte Malene Presttun

